



Åge Valstad og Randi Knutsen svingar seg i Helgheim

For rundt rekna eitt år sidan vart Åge Valstad (67) frå Husnes ramma av slag, men ikveld dansa han i Helgheim som om han aldri hadde gjort noko anna. Han er ein av mange som har oppdaga at ein svingom er effektiv trim. - Ekspertar seier at dans er noko av det mest fornuftige du kan drive med når du skal trenar opp muskulaturen, sa ein av dansekameratane til Åge i matøkta.

I kveld var det bortimot 20 som heldt varmen og svinga seg i Helgheim. Men så hadde da også Berit Harriet og Ivar Kåre Døssland fyra opp skikkeleg på førehand.



Bortimot 20 dansa i Helgheim i kveld

Danse-entusiastane kom frå nesten heile Kvinnherad sjølv om det var 8-10 kuldegrader. Dei var frå Uskedalen, Rosendal, Sunde, Husnes, Herøysund, Sandvoll og Omvikedalen og Ivar Kåre var tilfreds med at så mange vil satsa på dans også i det nye året sjølv om det ikkje var nokre nye i flokken. Dei skal møtast i Helgheim annankvar sundag utover vinteren og utpå våren blir det fest med levande musikk. Dansarane er eit omflakkande folkeferd. Åge Valstad og Randi Knutsen fortel at dei plar dansa i Husnes på onsdagar og i Rosendal på fredagar men det stoppar ikkje der.

Herand og Nå er også to av dansestadane dei vitjar, men toppen vert nådd under den store dansegallaen i Ullensvang som i vinter vert avvikla i helga frå 22. til 24. februar. Den har visst status som ein slags gamaldansens 17. mai i dette området. Men Helgheim eignar seg godt som ein stad for oppvarming....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen